

Notat

Dato: 31.10.2019
Saksnr: 2019/62-1
Saksbehandlar: Stig Kristoffersen

Til:	Hovudutval for samferdsel og mobilitet Fylkesutvalet
Frå:	Prosjektlear

Nye ferjekontraktar frå 2020 - status for ferjemateriell og elektrisk drift

1. Innleiing

14 nye ferjesamband skal over på ny kontrakt frå 1. januar 2020. Hensikten med denne orienteringa er å gi ei kortfatta oversikt over status vedkomande ferjemateriell samt oppstart med elektrisk drift.

2. Ferjemateriell

I 2018 og 2019 vart det starta opp tre ferjesamband med ny kontrakt. To av desse sambanda (Austevollsambanda) vert no trafikert av tre nye ferjer og sambandet Masfjordnes-Duesund med same materiell som før 2019.

Frå 1. januar er det 14 ferjesamband som går over på ny kontrakt, der det er 16 ferjer som skal fasast inn. Oversikt frå operatørane tilseier at 11 av dei 16 ferjene som skal vere hovudferjer frå årsskiftet, vil vere nybygg eller ferdig ombygde ferjer, og vil vere klare til operasjon frå årsskiftet. Det er soleis fem ferjer som vil vere «oppstartsferjer», og vil trafikere følgjande samband:

- Langevåg-Buavåg
- Skjersholmane-Ranavik (ferje 2)
- Gjermundshamn-Varaldsøy-Årsnes (ferje 1)
- Fjelbergsambandet
- Skånevik-Matre-Utåker

Det er opplyst at desse sambanda vil verte trafikert av nybygg/ombygd ferjemateriell innan februar 2020. Kravet til alternativt oppstartsmateriell er minimum same kapasitet som det materiellet som permanent skal setjast inn i sambandet.

Det er førebels usikkert om brannen/eksplosjonen ombord i ferja «Ytterøyningen», som skal trafikere Fjelbergsambandet, vil skape vesentleg forseinkingar, då ombyggingstida av denne ferja ikkje er klarlagt. Skyss ventar på resultat frå undersøkingane som pågår.

3. Oppstart av ferjerutene med elektrisk drift

Retningslinjene i kontrakten tilseier at det ikkje vil vere miljøanksjonar fyrste halvår 2020. Dei aller fleste samband vil likevel vere klar for elektrisk drift allereie frå årsskiftet. Årsaka til at samtlige samband ikkje

går over til elektrisk drift frå årsskiftet er grunna manglande ferdigstilling frå nettselskapa og manglande klargjering og montering av ladeinfrastruktur.

Følgjande samband vil ha start av elektrisk drift seinare enn januar 2020:

Samband	Ferdigstilling (estimert)	Årsak til forseinking
Gjermundshamn-Årsnes	3.kvartal 2020	Manglande ferdigstilling frå nettselskapet si side både på Gjermundshamn og Årsnes
Halhjem-Våge	1.kvartal 2020	Manglande avklaring med SVV vedk. oppsett av ladeinfrastruktur i Halhjem. Manglande godkjenning av Tysnes kommune vedk. oppsett av teknisk bygg i Våge. Mogleg forseinka oppsett av ladeinfrastruktur.
Skånevik-Matre-Utåker	1.kvartal 2020	Manglande avklaring vedk. privat eigedom i Skånevik – forseinka oppsett av ladeinfrastruktur
Ranavik-Skjersholmane	1.kvartal 2020	Manglande montering av ladeinfrastruktur på grunn av forseinking vedk. bygging av hurtigbåtkai i Ranavik
Kvanndal-Utne og Kinsarvik-Utne	3.kvartal 2020	Manglande ferdigstilling frå nettselskapet si side når det gjeld Utne ferjekai
Fjelbergsambandet	1.kvartal 2020	Manglande klargjering av avtale vedk. disponering av privat kaiareal i Utbjoa

4. Rutetilbodet frå 2020

Skyss har no ferdigstilt rutetilbodet gjeldande frå 1. januar 2020. Justerte ruter følgjer opp vedtaket i fylkesutvalet i Hordaland sitt møte 19. september 2019, med særskilt fokus på følgjande samband:

- Jektavik-Nordhuglo-Hodnanes
- Fjelbergruta
- Skånevik-Matre-Utåker
- Hatvik-Venjanaset

Det er planlagt informasjon til kommunane som er berørt av dei siste endringane i rutetilbodet, ref. FU-sak i september, tidlig i november.